

---

**Fra:** Erlend Kleiveland <Kleiveland@ngir.no>  
**Sendt:** 19. mai 2018 06:50  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Kor skal vi byggje breiband no?

Hei

Viser til artikkel på nettsida til kommunen:

<https://www.lindas.kommune.no/kor-skal-vi-byggje-breiband-no.6114723-298404.html>

På Nævdal har nokre av husa i dag utsyn til Nettstar sin sendar på Fjellsbø, deriblant mitt hus. Eg har difor tilgong til internett. Det er derimot mange av husa som ikkje har høve til å motta signal frå sendaren og samstundes ligg for langt frå sentralen til at telefonlinja kan nyttast til å motta signal. Ein må difor nytta 3G/4G evt. satelittbasert nett.

I kartet til kommunen er Nævdal registrert med lilla i det som er kalla "Nevdal-Fjellsende". Me registerer at bygdene som ligg mellom Nævdal og Fjellsende: Vefjell, Tveiten, Sletten og Skauge får utbygd breiband (merka grønt "Skodvin-Skauge"). Me har forstått det slik at det er Nettstar som skal byggja ut her. Frå før av har innbyggjarane på Myking fått tilbod om breiband gjennom BKK, så no er Nævdal ei øy utan tilstrekkeleg internett-dekning midt mellom nabobygdene som får fiber.

Ber difor om at Nævdal vert prioritert.

Venleg helsing

**Erlend Kleiveland**

Nævdal 133

5957 Myking

Mobil: 41 51 91 42